



Julehelsing 2016

Kjære medarbeidar i NLT Hordaland

Eit år nærmar seg slutten, og jula kjem fort. Då er det tid for helsingar. Me har hatt eit travelt år i administrasjonen, og ser fram til at Marie, som er lønsansvarleg, kjem attende frå permisjon til våren. De som mottek denne helsinga er mange hundre tilsette, som er heil eller deltid tilsett hjå oss. De kjem frå mange land, og arbeider omkring i heile området vårt.

Dei tilsette fordeler seg slik:

Landbruk	Vaktmeister/reinhald	Vikarar anna næringsliv
6 fast tilsette landbruksvikarar 10 full tid avløyssarar 750 deltid	5 fast tilsette 65 deltid	18 fast tilsette 210 deltid

Me har beredskapsansvaret innan jordbruk i dette området



Styret og administrasjonen arbeider for tida med ny strategisk plan for verksemda framover. Det er allereie stor semje om at me skal gjera ein større innsats mot dei tilsette, både sosialt og med eit meir aktivt HMS-arbeid. Me i administrasjonen vonar å møte dykk i året som kjem, og at det vert eit godt år for både dykk som tilsette og NLT Hordaland. Sjølv om me ynskjer at alle skal snakka norsk, vil me prøva å setja over til litauisk etter behov.

Me er avhengig av dykk alle for å levera, og me vil svært gjerne ha tilbakemeldingar og idear om nye ting, aktuelle aktivitetar og forbetringar. De kan ringja, senda epost eller nytta skjema

på nettsida. I tillegg har de og representantar for dykk, både i styre og ikkje minst eit verneombod med vara.

Dykkar representant i styret er

Kurt Steinar Kvalheim, Radøy.
Vara: Jorunn Åse Eide Raknes

Epost kurstei@online.no
Epost ost05@hotmail.com

Mobil 95088615
Mobil 91595439

Verneombod

Anders Revheim, Osterøy.
Vara: Povilas Miniotas, Øystese

Epost an-revh@online.no
Epost poviliux20@inbox.lt

Mobil 93206870
Mobil 90999906

Føl med på Facebook og nettsida vår, nlth.no.



Me vil med dette takka for eit godt samarbeid, og god innsats i året som har gått, og ynskjer dykk alle ei god jul, og eit godt nyttår.



Med helsing styre og administrasjon